Gjevt er det kvart år å kunna dele ut Eldsjelprisen. I 2021 gjekk dette til eldsjeler i Grannehjelpa: Berit og Kari.



I tillegg til festtaler og prisutdelingar fortalde Hamdi Abdisamed Mohamud om prosjektet med Bygdemødre i Kvam. Festen vart avslutta med ei digital mentimeterundersøking som hadde til hensikt å gje oss nyttige innspel i det vidare arbeidet med frivillig arbeid.

Grannehjelpa har no organisert frivillig arbeid i 26 år. Hurra!

## Sykkelturen 2022

21. mai 2022 starta ei reise på over 2000 kilometer. Reisa gjekk frå Nordkapp, gjennom store delar av vårt langstrekte land og enda 15. august i Arendal. Denne reisa var arrangert av Norges Frivilligsentraler med Otto Lauritzen som stolt ambassadør for prosjektet. På vegen frå nord til sør var eit av måla å lyfte fram den fenomenale frivillige innsatsen som vert lagt ned av eldsjeler, lag og organisasjonar over heile landet. Sentralar i heile landet arrangerte kvar sine etappar.

Sundag 26. juni 2022 gjekk etappen i Kvam av stabelen. Distansen gjekk frå Fartøyvernssenteret i Norheimsund til torget i Ålvik, der Voss frivilligsentral overtok stafettpinnen. I Norheimsund starta sundagen med ein fin ro-tur frå Fartøyvernssenteret til sentrum av Norheimsund. Her heldt leiar for samfunn, næring og kultur, Jon Nedkvitne, ein tale før frivillige starta sykkletappen. I alt var det seks syklar med frivillig sykkelhjåfør og 8 frivillige

passasjerar som sykla langs fjorden innover mot Ålvik.



Programmet var fullspekka av kjekke og spennande aktivitetar for alle aldrar. Mellom anna var det RIB-båttur frå Øystese til Steinstø, Kvam veteranvognklubb stilte med fire personbilar, samt den gamle brannbilen. Grannehjelpa ynskja å gje deltakarane ei oppleving for livet. Det fekk dei! Både sjåførar, syklistar og passasjerar let vel om sykkelturen innover fjorden. Til og med vèret var godt!

Ved endestasjonen i Ålvik var det godt oppmøte og mykje folk. R.C. Ålvik hadde laga til bilbane. Der kunne ein få prøva radiostyrte bilar, båtar og fly. Nedom kafeen vart det produsert tau på gamle måten og Ålvik Røde Kors Hjelpekorps hadde opna kafé Kraftstasjonen. Programmet var fullspekka av ulike kjekke aktivitetar. Målet med aktivitetane var å skapa eit inkluderande og levande lokalsamfunn under mottoet MEIR AKTIVITET – MEIR GLEDE! Grannehjelpa er godt nøgde med gjennomføringa av vår etappe og ser på Sykkelturen 2022 som ei positiv og flott oppleving der me lukkast som arrangør.

## Digitale møteplassar

Tilsette i Grannehjelpa har nytta digitale møterom i fleire år. Me abonnerer framleis på ein business-versjon med 10 møterom der det er

plass til 200 brukarar i kvart rom. I tillegg til interne møte og egne aktivitetar, har møteromma vore brukt av andre frivillige lag og organisasjonar. Det er utarbeidd instruksar for bruk, og me har hjelpt mange både med å koma seg inn i møterom, og forklara korleis det heile verkar. Det er framleis folk innom for å få 1:1-opplæring på kontoret og via telefon. Bruken av dei digitale romma har gått ned i 2022 då samfunnet opna opp etter pandemien.

Facebook med gruppa «Møteplassen Grannehjelpa» har vore aktiv og flittig i bruk. Me er takksame for alle som har bidrege med bilete, tankar og andre «underholdningsinnslag» der.

## **SAMFUNN OG MILJØ**

### *KvammaVEKO*

«Veko» er ei markering av Verdsdagen for psykisk helse, og vart gjennomført for 9. gong. Tema i 2022 var «Lyft blikket». Arbeidsgruppa var dette året samansett av representantar frå Grannehjelpa, Kvam herad og Mental Helse Kvam, ein god «miks» mellom frivillige og tilsette.

Planlegginga blei utfordrande grunna sjukdom i gruppa. Men takk vera erfarne og engasjerte medlemmer i arbeidsgruppa, blei «veko» ein stor suksess sjølv med noko amputert program. Alle 5 programpostane vart gjennomført for nøgde deltakarar.

Gratisprinsippet er viktig for oss som arrangør; økonomi skal ikkje vera eit hinder for deltaking. Me rettar difor ei stor takk til alle som sponsa «veko» gjennom å kjøpa annonsar og gje tilskot. Tusen takk!



### *Eldsjelprisen 2022*

Utdeling av Eldsjelprisen for 2022 vart utsett til festen for dei frivillige som skal haldast 26. januar. Prisen vert gjeven til ein initiativrik person, lokal organisasjon eller gruppe som har gjort ein framifrå innsats for lokalsamfunnet. Det kom inn totalt 16 nominasjonar og 10 personar/lag innan fristen.

### *Strøsand*

Dei to Lions-klubbane i Norheimsund og Strandebarm køyrde ut strøsand til eldre og uføre. Grannehjelpa har bidrege med «ordremottak og vidareformidling». Dette er eit langvarig samarbeid som me set stor pris på.

### *ReDesign*

Ein gong i månaden har alle som er interessert i å «laga noko nytt av noko gamalt» møttest i Gamleskolen på Norheim, for å vera kreative i sosialt lag. Aktiviteten har alltid hatt deltakarar i ulike aldersgrupper, og trufaste frivillige i fleire år. Aktiviteten har vore på pause sidan i mai 2022, grunna sjukdom.

## BORN OG UNGE

### *Ung fritid i Kvam*

Born og unge i alderen 11-18 år fekk tilbod om gratis aktivitetar i sommarferien og haustferien.

Tiltaket er eit samarbeid mellom Kvam herad, Grannehjelpa og lokale frivillige organisasjonar. Ein EKSTRA takk til alle dei einsskilde frivillige som stilte opp. Kvam herad sitt framhald med fritidskortet er viktig.

### *Gatefeiring - ungjobb*

I sommarhalvåret administrerer Grannehjelpa ungdom til gatefeiring i Norheimsund frå mai til oktober. Dette har me gjort i ei årrekke. I 2022 delte 6 ungdomar i alderen 13-16 år på oppgåva. Tiltaket er initiert og finansiert av Norheimsund Næringslag.

## VAKSNE OG SENIORAR

### *GranneLAG*

Grannehjelpa har i fleire år samarbeida med Thon Hotel Sandven om å arrangera middagstreff for seniorar éin gong i månaden. Til ein snill pris, får gjestene middag, dessert og kaffi, servert i hotellrestauranten. Vanlegvis tek middagane stad den siste onsdagen i kvar måned, med opphald i juli, august og desember.

I 2022 vart GranneLAG utsett då me arrangerte «Velkomen med æra» i slutten av februar. På Thon mangla dei framleis kokk og seinare bygde dei om kjøkenet sitt. På slutten av november fekk me arrangera eit Grannelag, då med julemiddag. Det var tydeleg at dette var eit sakna arrangement blant seniorane i Kvam. Takk til Thon Hotel Sandven for godt samarbeid.

### *Velkomne med Æra*

Grannehjelpa fekk midlar frå Helsedirektoratet og statsforvaltaren i Vestland i 2021 for å arrangera middagar for seniorar. Det siste arrangementet i

denne samanheng vart gjennomført i februar 2022.

Kjekt å sjå at folk frå den eine ytterkanten av kommunen vår kom heilt til den andre ytterkanten for å gå på middag.

Dette er eit prosjekt som har samla bygdene våre og har vore eit særers vellukka prosjekt.

Grannehjelpa har søkt Helsedirektoratet om midlar til å vidareføra desse treffa i 2023.



### *Fotalaget, Karatrakk og Trakkatrimmen*



Grannehjelpa koordinerte også i 2022 tre turgrupper: Fotalaget, Karatrakk og Trakkatrimmen. Kvar gruppe har eigne frivillige turleiarar som kvar veke, i all slags vêr, tek med seg turglade vaksne ut på tur i nær heile kommunen. Trim og mosjon er viktig, men det sosiale aspektet er minst like viktig. Kvam Turlag er god samarbeidspartnar her, og bidreg mellom

anna med midlar til annonsering i avisa og kjøp av naudsynt utstyr.



Bilete: Askøy Frivilligsentral

Med stønad frå Kvam Turlag, vart det i oktober arrangert ein fellestur til Askøy. 33 personar – somme med, andre utan, tilknytning til turgruppene – reiste saman med buss til Askøy, der det vart tid til tur på Haugland, omvising i museet i båthamna i Strusshamn, og middag på Askøy Frivilligsentral. Askøy Turlag og Askøy Frivilligsentral var viktige samarbeidspartnarar her, og var med i organiseringa av turen. Turlaget stilte med turleiingar som kunne ta med seg dei tilreisande på to ulike turruter: ein kort mosjonstur, og ein tyngre fjelltur.

## Høyrselhjelpa

HLF Kvam sine likepersonar har også dette året halde fram med å gje gratis høyrselhjelp til alle som treng det. Dei har, som tidlegare år, vore fast til stades i Grannehjelpa sine kontorlokale fyrste og tredje torsdagen i månaden.

Kvam Høyrsellag har framleis lageret sitt hos Grannehjelpa, og det er såleis mogleg å kjøpa batteri og anna utstyr i opningstida. Laget har også Grannehjelpa som fast møtelokale for si interne møteverksemd.

## Tematreff i Torefjell

Tematreff, eller Tematreff i Torefjell, er eit tilbod sosiale og interaktive aktivitetar som tek stad på internett kvar torsdag. Treffa kan vera

kulturarrangement, føredrag og kurs, eller matlaging, trening og sosialt samkome. Tema varierer frå gong til gong.

Aktiviteten, som starta som eit prosjekt under koronapandemien i 2020, var i 2022 etablert som ein fast aktivitet. Folkeakademiet har stått for den økonomiske stønaden, og gjort det mogleg for oss å halda fram. Programkomiteen, som er sett saman av tilsette i Grannehjelpa og Kvam bibliotek, og engasjerte frivillige, møtest ein gong i månaden for å planleggja program og gjennomføring av sending.



På vårparten, hadde me sendingar frå midten av januar til byrjinga av mai. Med éi avlysing og påskeferie i mellom, vart dette til saman 15 unike program. Desse inkluderte litteraturprogram og høgtlesing med biblioteksjef Ragna Helene Soldal, føredrag om bunaden si historie med Agnete Sivertsen ved Hardanger og Voss museum, samt føredrag om konspirasjonsteoriar med Øyvind Strømmen. Me hadde også samtalar med personar, føretak og lag med tilknytning til Kvam, som til dømes Yngve Sundvor, Bunadsbua i Øystese, og vevstova i Strandebarm. I samband med Kvam herad si klimaveke, fekk me i stand eit Tematreff med Natalia Golis, der det vart fokus både på hennar livs- og karrierehistorie og drodling over korleis ein kan leva eit grønare liv.



Grunna ein haust med redusert bemanning på Grannehjelpa, kom me dessverre ikkje i gang med haustsesongen før på slutten av året. Me rakk likevel å gjennomføra tre sendingar før 2022 var omme: eitt bokprogram med Ragna Helene Soldal, eitt med presentasjon og omvising hos Fjærabygda Gardsmat, og eitt med quiz. Sendinga frå Fjærabygda Gardsmat vart også dekkja av Hordaland Folkeblad, som skreiv ei fin sak om både Tematreff og digitalt kyndige pensjonistar.

## Eldre på institusjon

Grannehjelpa koordinerer aktivitetar på eldreinstitusjonar i heile kommunen. Tiltaka vert gjennomført i tett samarbeid med ulike lag og organisasjonar, tilsette på institusjonane og einskilde frivillige. Me har jamleg møte med dei frivillige og leiarane for institusjonane.

Grannehjelpa legg opp til månadlege planleggingsmøte med frivillige. Mange av dei frivillige deltek på fleire av aktivitetane.

I 2022 vart det igjen opna for aktivitetar etter strenge restriksjonar då koronapandemien var på det verste. Det vart nokre avlysingar i byrjinga av året, men resten av året gjekk aktivitetane som planlagd. Dette var veldig kjekt både for bebuarane og dei frivillige.

Dei frivillige har vore med på aktivitetar på Mikkjelsflaten, Toloheimen både i 2. etasje RE/BE

og 3. etasje Gr. 3 Vest og Firkløveren, Tolo Omsorg og Strandebarmsheimen.

På Strandebarmsheimen har det vore kafé ein gong i månaden. I tillegg har dei hatt kaffikos på stova eit par gongar i året. Torsdagstrimmen har vore sær s populær – det er trim for heimebuande som kjem til Strandebarmsheimen og trimmar med påfølgjande middag. Songandakt har vore halde annankvar månad.

Karalaget treffest ein gong i veka på Tolo Omsorg. Karane tek med seg kaffimat, medan kaffien vert laga på huset. Dei ansvarlege på kvar gruppe hentar og bringer bebuarar frå Toloheimen om nokon av dei vil vera med. Dei har det veldig kjekt i lag.

Me kan og nemna Handlevogna som frivillige går rundt med både på Mikkjelsflaten annakvar veke og kvar veke på Strandebarmsheimen. Dette er møte mellom menneske og kjærkome for bebuarane. Dei får både besøk og litt å bita i samstundes.

Kafédriфта på Gamleskulen vart flytta til Tolo Omsorg. Då er det kaffi og vaffel som står på menyen.

Det vert arrangert bingo på Toloheimen og songstund på Tolo Omsorg ein gong i månaden og vår gode pianist har hatt pianostund på alle avdelingar.

Dei frivillige stovegjestene på Mikkjelsflaten har hatt ulike aktivitetar som bingokveld, velvære på stova (turgåing eller manikyr). Dei har og hatt kveldar med høgtlesing, song m.m.

Den årlege sommarfesten for eldre på institusjon blei halden i Dalatun for dei i indre Kvam, medan sommarfesten for ytre Kvam vart halden på Strandebarmsheimen. Dette var sær s kjærkome då det var to år sidan førre sommarfest vart halden.

## Sommarfest for eldre på institusjon

«No kjem me her igjen», seier ei stemme i det ho kjem inn i salen i Dalatun. Eigaren av røysta har kledd seg i finstasen, og har eit stort smil om munnen. Vedkomande vert helsa av ein stor velkomstkomité, og leia bort til eit ferdigdekt bord nøysameleg dekorert med nyplukka blomar. Turen over golvet går sakte, men det gjer ingenting. Di seinare det går, di meir tid får ein til å prata – og dei har mykje å prata om.



Tysdag 28. juni vart det arrangert sommarfest for dei som bur på eldreinstitusjon i Øystese og Norheimsund, dei som er tilknytt dagsenter, samt familiane deira. Denne festen er ein årvisst tradisjon som starta opp i 2011. Dei frivillige inviterer til festiviteten.

I år møtte 59 gjester opp i dei festpynta lokala i Steinsdalen. Dei fekk servert heimelaga mat av Heidi Helgheim, kaffi og kaker, det var underhaldning og allsong. Kvam Trekkspelklubb spela opp til dans for eit tettpakka dansegolv. Det vart også tid til gode samtalar med både kjende og ukjende. Med dei fantastiske frivillige i spissen, var arrangementet godt organisert og gjennomført.

Mange har stor glede av sommarfesten, det er det ingen tvil om. For både gjester og frivillige er dette ein dag som handlar om å dela gode opplevingar i fellesskap. Det handlar om å dela av tida si, og å nytta litt av den tida ein har saman med kvarandre.

Grannehjelpa er glade for arrangementet og takkar alle som deltok for ein flott sommarfest! Ein av gjestane sa: «eg kjem til å verta frykteleg trøyt når eg kjem heim att, men det er så viktig å koma seg litt ut». Ein annan gjest som forlèt lokala sa: «Her var det fint å vera, her kan me gå fleire gongar!» Eit positivt og vellukka arrangement!

## INTEGRERING OG INKLUDERING

Kontakt med flyktningar busett i Kvam, og tiltak for integrering har vore ei viktig arbeidsoppgåve for Grannehjelpa gjennom mange år. Over 10% av innbyggjarane i Kvam er ikkje fødd i Noreg, og inkludering av desse er eit pågåande arbeid avhengig av butid og ulike behov. I 2022 har Kvam herad tatt imot 75 nye flyktningar, ein stor del frå Ukraina.

### Språktreff

Språktreff er ein møtestad for alle som ynskjer å øva på norsk språk, og alle som ynskjer å vera ein samtalepartner for desse. Ein trufast gjeng frivillige byter på å ha ansvaret, og førebur eit tema for kvar gong. Tilbodet er ope kvar tysdag på biblioteket i Norheimsund.



Bilete: Kvam bibliotek

I 2022, har Språktreff gått sin gang – og også hatt eit lite oppsving med tanke på tal deltakarar. Me har også hatt fokus på å få inn meir aktivitet i treffa, og har prøvd å variera opplegg og tema. I

løpet av året, har me blant anna gått turar i nærområdet, spela spel, lese bøker og eventyr, sett på film, og baka julekaker. I oktober var Språktreff med på KvammaVEKO sitt arrangement Trakk & Snakk, der fleire av deltakarane uttrykte at det var stas å ha fått snakka med ordføraren. Før jul, fekk me med oss to frivillige frå Øystese Bygdekvinnelag som var med på bagedag på Gamleskolen, der me fekk prøva oss på å laga krumkaker, kakemenn, sjokoladekjeks, og peparkakehus.



Bilete: Kvam bibliotek

I samarbeid med Sidsel Haugen, som er frivillig på Språktreff, søkte Grannehjelpa stønad til eit nytt tiltak, «Trivnad i mørketid». Tanken var å skapa ein møtestad der dei som går på Språktreff – både deltakarar og frivillige – kunne treffast og gjera noko kjekt i lag i den tida som for mange kan vera mørk og kjedelig. Tiltaket fekk økonomisk stønad frå Øystese sanitetslag og Lions Club Norheimsund, samt Norsk Tipping via Norges Frivilligsentraler. Med desse midlane til hjelp, fekk me arrangert to gongar med bowling i Øystese, og éin gong med pinnekjøtmiddag på Hardanger Fartøyvernssenter.

### *Bygdemødrene i Kvam*

11 kvinner som kjem frå Thailand, Litauen, Eritrea, Somalia, Kongo og Syria utgjer gruppa Bygdemødre. Prosjektet er ein del av paraplyorganisasjon Bydelsmødre. Dei har aktivitet i fleire bydelar i Oslo og kommunane Grong, Levanger og Kvam.

Frå nettsida til Bydelsmødre:

«Bydelsmødrene er frivillige kvinner, primært med etnisk minoritetsbakgrunn, som går gjennom et opplæringsprogram om tema som foreldreskap, arbeid og helse. Opplæringen koordineres av bydelen/kommunen, i tett samarbeid med Bydelsmødre Norge. Sammen med det offentlige jobber frivillige bydelsmødre med å løse lokale utfordringer, ved å bygge bro mellom kvinner og tjenesteapparatet.»



I 2020 starta pilotprosjektet «Bydelsmødre går til bygda». Det blei gjennomført kurs gjennom heile 2020 saman med kommunane Grong, Levanger og Drammen. Kurset for Bygdemødre går gjennom 4 fasar, der dei to fyrste blei gjennomført i 2020.

Seint på våren 2021 heldt kurset fram med fase 3. Fase 4 vart gjennomført i byrjinga på dette året. Då var Bygdemødrene klare til å danna eiga foreining. Møte om stiftinga vart halde i lokala til Grannehjelpa, med festmiddag på Thon i forkant. Hamdi Abdisamed Mohamud frå Somalia vart valt til styreleiar.

Bygdemødrene laga eige forslag til ulike aktivitetar dei ville gjennomføra som eiga foreining. Nokre av Bygdemødrene har også hatt ansvar for Språktreff.

Status: Grannehjelpa har ikkje fått innvilga stønad til fortsetjing av prosjektet Bygdemødre i Kvam, og har derfor ikkje hatt mogelegheit til oppfølging i den grad me skulle ynskja. Dei fleste av bygdemødrene er travle damer med jobb og familie.

### **Minneord om Torgeir Magnar Børve**



Meldinga om Torgeir Magnar sin bortgang rett før jul, var trist. Han var eit særst samfunnsengasjert menneske som har sett spor etter seg gjennom mange ulike verv, og i Grannehjelpa.

Han takka ja til styreplass i 2015 og i dei fire åra han satt der var han både styremedlem og styreleiar. At Torgeir Magnar valde å bruka tida si på organisasjonen og menneska som er knytt til den, var ei lukke for Grannehjelpa.

Torgeir Magnar var ikkje den som sparte seg, han stilte opp både når det var bruk for eit klokt hovud og når det var muskelkraft som var naudsynt. Han var alltid klar til innsats og var målretta og inkluderande i alt han gjorde. Han var raus og respektfull, og hadde den diplomatiske tilnærminga som nokon gonger må til når menneske med ulike motiv og perspektiv skal dra i lag i same retning.

Ein kunne stola på Torgeir Magnar, han følgde alltid opp oppgåver og avtalar og «jobba på» for å koma i mål, anten det handla om å bera bord og stolar til eit arrangement, eller å halda tråden i meir strategisk og langsiktig arbeid.

Han hadde eit stort hjarte for lokalsamfunnet, og gjennom Grannehjelpa sette han spor etter seg i heile Kvam. Engasjementet hans fekk verke gjennom aktivitetar som KvammaVEKO, Trakk og Snakk, Ung Fritid, ungdomsleir på Tråastølen, Kvammakompis, Språktreff og frivilligfestar, berre for å nemna noko. Torgeir Magnar framstod alltid som trygg og komfortabel i møte med menneske. Han likte folk og han sette pris på ulikskap. Om han kvidde seg for ting, var ikkje det å merka. Han var til stades i kvart einaste menneskemøte.

Som styreleiar var Torgeir Magnar ein solid støttespelar for oss tilsette. Han hadde sut for oss, og var oppteken av vår trivnad og vår arbeidskvardag. Me er heldige og takksame som fekk jobba i lag med Torgeir Magnar. Han er sakna.

Sidsel Haugen og tilsette

## ØKONOMI

Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit rettvisst bilete av stiftinga sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Stiftinga Grannehjelpa hadde i 2022 grunnfinansiering frå Kvam herad.

Sentralen fekk i 2022 eit overskot på kr 186 805,-. Det vart budsjettert med eit underskot på kr 138 100,-. Styret meiner føresetnaden for å halda fram med drifta er til stades. Grannehjelpa har elles god likviditet

Dagleg leiar fører Grannehjelpa sin rekneskap i Vekstra Hardanger og Voss AS sitt system Duett. Vekstra står for lønsutbetaling og utrekning av offentlege avgifter. Hardanger Revisjon AS reviderer rekneskapan.

Grannehjelpa har ikkje eigne midlar til aktivitet, men søker eksterne tilskot for gjennomføring av tiltak og arrangement. Me har i 2022 søkt og fått økonomisk stønad frå fleire lokale frivillige

organisasjonar og lokalt næringsliv. Me har òg fått stønad hos Sparebanken Vest, Gjensidigestiftinga, Helsedirektoratet, og Kvam herad til konkrete prosjekt. Me takkar kvar og ein for viktige bidrag!

## MARKNADSFØRING

Formidling av kva me er og synleggjering av kva me gjer er ei stadig utfordring me jobbar med. Grannehjelpa nyttar fleire gratiskanalar til marknadsføring: Facebook, heimesidene [www.grannehjelpa.no](http://www.grannehjelpa.no), [www.frivillig.no](http://www.frivillig.no), e-post, SMS og fysiske oppslag. I tillegg vert det annonsert i lokalavisa når økonomien tillèt det. Lystavlene i vindaugo gjev auka merksemd kring aktivitetane, og me registrerer at mange stoppar opp og les plakatanene. Ein frivillig heng opp plakatar på plakattavler i Norheimsund-området. Gjennom året har det vore fleire omtalar i Hordaland Folkeblad, og me set pris på det gode samarbeidet med lokalavisa.

# Grannehjelpa

**Du finn oss i Sandvenvegen 1B i Norheimsund**

På nettsidene våre [www.grannehjelpa.no](http://www.grannehjelpa.no) finn du mellom anna informasjon om alle aktivitetane våre. Her kan du og melde deg som frivillige.

Og, sjølvsagt er me på Facebook 😊

Kom gjerne innom oss i Grove for ein prat, eller ring eller sende epost.

Telefon 901 22 688 | 913 66 184 | 480 72 456

Epost [post@grannehjelpa.no](mailto:post@grannehjelpa.no)



## Resultatregneskap 2022 og budsjett 2023

<b>Årsregneskap 2022</b>		
Resultat sammendrag	2022	2021
Salsinntekter	121 819	74 920
Tilskot	1 791 415	1 945 927
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 913 234</b>	<b>2 020 847</b>
Lønskostnader	1 007 419	1 174 780
Andre driftskostnader	732 985	906 803
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 740 404</b>	<b>2 081 583</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>172 830</b>	<b>- 60 736</b>
Anna renteinntekt	13 975	2 343
<b>Årsresultat</b>	<b>186 805</b>	<b>- 58 393</b>
<b>Overføringer</b>		
Avsett til anna egenkapital	186 805	-
Overført frå annan egenkapital	-	58 393
<b>Sum overføringer</b>	<b>186 805</b>	<b>- 58 393</b>
<b>Balanse samdadrag</b>		
<b>EIGENDELAR</b>		
<b>Omløpsmidlar</b>		
Fordringar	89 136	
Andre fordringar	27 391	38 290
<b>Sum fordringar</b>	<b>116 527</b>	<b>38 290</b>
Investeringar		
Odin rentefond	28 012	28 012
Bankinnskot, kontantar	1 749 530	1 351 166
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>1 894 069</b>	<b>1 417 468</b>
<b>Sum eigendelar</b>	<b>1 894 069</b>	<b>1 417 468</b>
<b>Balanse</b>		
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>		
Stiftingskapital	12 000	12 000
Annen egenkapital	973 905	787 100
<b>Sum egenkapital</b>	<b>985 905</b>	<b>799 100</b>
<b>GJELD</b>		
Kortstiktig gjeld		
Leverandørgjeld	61 527	70 695
Skuldig offetleg avgift	71 968	77 957
Anna kortsiktig gjeld	774 669	469 717
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>908 164</b>	<b>618 369</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	<b>1 894 069</b>	<b>1 417 468</b>

<b>Budsjett 2023</b>	Rekneskap	Budsjett
Salg- og driftinntekter	2022	2023
3100 Søglsinntekt diverse	85 435	40 000
3110 Refusjon MVA	166 527	150 000
3410 Driftstilskot Kvam Herad	1 240 000	1 390 000
3415 Tilskot diverse	82 191	30 000
3430 Tilskot øyremerka	284 381	550 000
3431 Gåver	22 800	15 000
3140 Husleige Gamleskulen	7 700	
3620 Annen leieinntekt, bondetun	24 200	25 000
<b>SUM SALG- OG DRIFTSINTEKTER</b>	<b>1 913 234</b>	<b>2 202 023</b>
<b>Lønnskostnad</b>		
Lønn til ansatte	1 007 419	1 410 000
inkl. sosiale kostn. og forsikring		
Avsatt til lokale forhandlingar		30 000
<b>SUM LØNNSKOSTNAD</b>	<b>1 007 419</b>	<b>1 440 000</b>
<b>Driftskostnader</b>		
6300 Husleige	130 800	130 800
6340 Lys og varme (inkl refusjon)	81 340	115 000
6360 Reinhold kontor	37 017	20 000
6400 Leie maskiner - kopimaskin	14 862	15 000
6490 Driftsutgifter gamleskulen, vask	12 655	10 000
6491 Straum gamleskulen	48 897	-
6540 Inventar og utstyr	-	2 000
6551 Datautstyr	349	5 000
6553 Programvare, årleg vedlikehald	27 756	20 000
6620 Reparasjon og vedlikehald-mattevask	2 280	2 500
6701 Revisjonshonorar	24 750	25 000
6705 Reknskapshonorar	46 933	50 000
6800 Kontorrekvisita	7 030	2 000
6820 Trykksak	15 322	15 000
6840 Aviser, tidskrift, bøker o.l.	1 489	1 500
6860 Møte, drift aktivitet	16 350	80 000
6870 Kurs, konferanse	7 329	10 000
6890 Arrangement i regi av Grannehjelpe	162 697	250 000
6900 Telefon	27 134	25 000
6907 Datakommunikasjon	675	1 350
6940 Porto	2 174	2 000
7100 Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig	1 459	4 000
7140 Reisekostnad, ikkje oppgåvepliktig		2 000
7320 Annonsering og marknadsføring	22 834	40 000
7410 Kontingent	5 540	5 790
7420 Gåver, fradragsberettiget	2 453	5 000
7500 Forsikringspremie	22 906	17 000
7770 Bank- og kortgebyr	8 380	9 000
7790 Annan kostnad	1 574	-
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>732 985</b>	<b>864 940</b>
8050 Renteinntekt	2 136	2 000
8051 Annan finansinntekt	11 839	8 000
<b>SUM FINANSINTEKT</b>	<b>13 975</b>	<b>10 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>1 913 234</b>	<b>2 210 023</b>
<b>Sum kostnader</b>	<b>1 740 404</b>	<b>2 304 940</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>186 805</b>	<b>- 94 917</b>



*Berit Nygård og Kari Åsheim Valland vert tildelt Eldsjelprisen 2021 for sitt utrøyttlelege frivillige arbeid som breier seg over fleire tiår. Dei har både saman og kvar for seg vore aktive på mange frivillige arenaer, og har spesielt brent for aktivitet for eldre i og utanfor institusjon. Både Berit og Kari har vore med i besøkstenesta og vore primus motor for sommarfesten for eldre. Dei to «songfuglane» har også spreidd mykje glede med songstunder på institusjonar rundt i kommunen.*

***Berit** har vore turleiar i Trakkatrimmen og vertskap på seniormiddag og kafé på Toloheimen, Gamleskulen og Tolo omsorg. Ho har laga mat på tallause arrangement, stått vaksinevakt under koronapandemien, og bidrege til allsongheftet Kvammasongen. Berit har også gjort mykje i «det stille», hjelpt folk ein-til-ein, og vore ei trygg hand for dei som treng det.*

***Kari** har vore aktiv i fleire frivillige lag og organisasjonar heilt sidan ho flytta til Kvam på '60-talet. I over 20 år har ho vore det ho sjølv kallar «do-dame» for idrettslaget, og vaska og halde toaletta på Sjusete reine. Ho har halde ein open heim, der ho både har hatt kaffibesøk frå bebuarane ved Tolo omsorg og delt mykje varme og medkjensle med menneske i vanskelege situasjonar.*

*Både Berit og Kari er ja-menneske som har stilt opp for medmenneska sine. Saman, har dette muntrasjonsrådet gjeve mykje glede, tryggleik og omtanke til lokalsamfunnet.*

*Takk for innsatsen, Berit og Kari!*

## Møte mellom menneske